

Notat

Dato: 09.09.2019
Arkivsak: 2014/13889-150
Saksbehandlar: evevaul

Til:	Fylkestrafikksikringsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Kartlegging av trafikkopplæring i grunnskulen

I søknad om aktivitetsmidlar for 2019 meldte Trygg Trafikk at dei i år ønskjer å «gjennomføra ei kartlegging av trafikkopplæringa ved grunnskulane i fylket, i samarbeid med Trygg Trafikk sentralt» Kartlegginga er gjennomført av TNS Kantar, og rapport frå kartlegginga ligg no føre.

Kartlegginga byggjer på ei landsdekkande spørjeundersøking gjennomført i januar og februar 2019. Vedlagte rapport syner resultatata for Hordaland, samanlikna med resultatata for heile landet og for Sør-/Vestlandet.

Rapporten ser på omfang og innhald i trafikkopplæringa i grunnskulen i dag. Kartlegginga er meint å gi Trygg Trafikk eit grunnlag for å ta avgjersler om korleis dei kan innretta sitt arbeid opp mot skulane. Kartlegginga følgjer vidare opp utviklinga for sentrale indikatorar som ein har sett på i tidlegare undersøkingar (2013 og 2017). Kartlegginga har også som føremål å få fram kva eit eventuelt tap av konkrete læreplanmål vil ha å seie for korleis skulane utøver trafikkopplæring si.

Rapporten syner til følgjande **hovudfunn frå kartlegginga** (utdrag, ikkje omsett til nynorsk):

Innan temaet «Trafikk i planverket»:

1. 70% av barneskolene har temaet trafikk nedfelt i skolens egne planer, enten i internkontrollsystemet (30%), lokal læreplan (34%) eller i faget kroppsøving (17%). Andelen som ikke har trafikk nedfelt i noen planer har gått opp 18 prosentpoeng siden i 2017.
2. 59% synes trafikkopplæring bør ha egne kompetansemål, 16% synes ikke det og 24% vet ikke.
3. 76% kommer til å jobbe med trafikkopplæring på samme måte som før hvis trafikkopplæring faller ut av læreplanen*. 1% kommer ikke til å jobbe med trafikkopplæring på samme måte som før gjøre det og 21% vet ikke.

Innan temaet «Hjertesone»:

1. 67% av skolene kjenner til «Hjertesone», noe som er en økning på hele 23 prosentpoeng siden 2017.
2. Blant skolene som har hørt om «Hjertesone», er andelen som allerede har implementert det på 19%, mens andelen som planlegger å innføre det er på 49%. 27% gjennomfører andre tiltak for å få elevene til å gå eller sykle til skolen.

Innan temaet «Kurs og materiell»:

1. 95% bruker læringsressurser og materiell til trafikkopplæring fra Trygg Trafikk.
2. 49% har ikke deltatt på kurs i regi av Trygg Trafikk de siste to årene.

Andre sentrale hovedfunn:

1. 16% av skolene er «Trafikksikker skole», mens 37% har hørt om det.

Me vil elles syna til rapporten som er vedlagt saka.

Vedlegg

- 1 Fylkesrapport for Hordaland - Trafikkopplæring i barneskular 2019